
Vår referanse 2020/77154-25
Dato 18.12.2020

Ingrid Kristine Holm Svendsen

Brev til administrasjonen - godtgjersle

På møte i fylkeseldrerådet 08.12.20 under RS 46/2020 Budsjett og rekneskap FYEL 2020 var tema om godtgjersle diskutert. Rådet ønsker å sende ei purring på saka vi sendte til administrasjonen etter møtet 26.05.20. Det var ei oppmoding ang. praktisering av reglane i punkt 8.2 møtegodtgjersle i dokumentet Folkevalde i Vestland - rettar og plikter. Rådet kan ikkje sjå å ha motteke noko svar på oppmodinga.

Fylkeseldrerådet har sett på reglane på ny og vil gjerne ha følgjande vurdert:

Korleis skal punkt 8.2.1 avsnitt 4 fortolkast i høve til å delta i arbeidsgrupper m.v.?

Når det gjeld punkt 8.3 Vederlag for tapt arbeidsforteneste avsnitt 4, er det slik å forstå at pensjonistar har krav på vederlag for tapt arbeidsinntekt utan dokumentasjon?

Vi har i stadig større omfang erfart at fleire ønsker oss med i arbeidsgrupper m.v. for at vi skal ivareta dei eldre sine interesser. Det er fylkesmannen eller fylkeskommunen som oppnemner arbeidsgruppene. Fylkeseldrerådet ser positivt på deltaking i slike arbeidsgrupper m.v., men meiner ein bør få møtegodtgjersle for slike gruppemøte.

Vi har sett litt på korleis nokre kommunar i Vestland fylke (Øygarden og Stryn) praktiserer slike reglar. Dei betalar møtegodtgjersle for kurs og konferansar. Stryn betalar også tapt arbeidsforteneste til pensjonistar, jf. reglar som ligg på kommunane sine heimesider.

Vi stiller spørsmål om Fylkeskommunen bør ha dårlegare ordningar enn kommunane i same fylke?

Vi ber om ei vurdering av disse spørsmål og håper på ei rask tilbakemelding.

Vedlagt er godtgjerslevilkår frå Øygarden kommune.

Med helsing
Harald Ekroll, leiar
fylkeseldrerådet i Vestland

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Godtgjersle Øygarden kommune